



Nordre Holsnøy IL
Postboks 29
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/137 - 16/5974

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

18.03.2016

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning kunstgrasbane 30x50m ved Vestbygd skule

Nordre Holsnøy IL (NHIL) søker idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for kunstgrasbane 30x50 m ved Vestbygd skule.

NHIL har levert **situasjonsplan for området, behovsoppgåve, kostnadsoverslag** med finansieringsplan, førebels **plan for drift** og finansiering, dokumentasjon av **tilpassinga til andre bygningar** i nærleiken og **fagmessig utførte teikningar**. Denne godkjenninga baserer seg på levert dokumentasjon av prosjektet, og at dei oppfyller krava til idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

Tiltaket har ei kostnadsramme på **kr 1 748 437** inkludert dugnad, og idrettslaget har øvrig finansiering til tiltaket, inkludert mellomfinansiering av spelemidlar. Tilskotsytarar til bana er, utover idrettslaget sjølv, mellom anna Meland kommune, Trond Mohn-fondet, Gjensidigestiftinga og FAU ved skulen. Idrettslaget har **disposisjonsrett til grunn i 30 år**, stadfesta av Kommunestyret i Meland som grunneigar. Bana vert prosjektert av Kjartan Dalstø ved LAB, som vil stå for anleggsarbeidet. **Tiltaket er festa i kommunal plan for idrett.**

Grunnlaget for å byggje bana er for å skape gode høve for trening og kampfasilitetar for dei yngre laga som høyrar heime i Vestbygd skulekrins. Leirdalen idrettsanlegg, som er hovudanlegget til idrettslaget, ligg 8 km nord i Rossland skulekrins, utan gang og sykkelveg mellom dei to krinsane. Busstilbodet er òg svært mangelfullt. Tettstaden rundt skulen har eit innbyggjartal på kring 550 og det er konkrete utbyggingsplanar i området. Meland kommune har hatt ein svært høg folkevekst dei seinare tiåra. Ei kunstgrasbane i området vil vere svært positivt for å oppfylle nasjonale, regionale og lokale mål for aktivitetsnivå blant barn og unge.

NHIL ønskjer å etablere speleflate på 28,5 x 48,5 m og venter svar frå Kulturdepartementet på søknad om dispensasjon frå speleflate 30 x 50m. Anlegget har ikkje fått anleggsnummer i Idrettsanlegg.no grunna ustabilitet i nettløysinga for spelemidlar.

Det vert med dette brev gitt NHIL idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning til å byggje kunstrasbane 30 x 50m ved Vestbygd skule i Meland kommune.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
kulturkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent situasjonsplan
Godkjent baneteikning

Kopi til:

Bjørg Larsen

Kultur- og
idrettsavdelinga

5020

BERGEN

Kjartan Dalstø

Mottakere:

Nordre Holsnøy IL

Postboks 29

5917

ROSSLAND